

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Deres ref.:
Vår ref.: 11497162

Dato: 23.01.2015

Svar på høyring om søknadar om løyve til å byggje 7 småkraftverk i Aurland, Vik, Høyanger og Balestrand kommunar, Sogn og Fjordane

Visar til brev frå NVE 12.januar 2015 som omhandlar søknadar om løyve til å byggje 7 småkraftverk i Sogn og Fjordane, der eitt av småkraftverka er i BKK Nett sitt utgreiingsområde. Svaret vårt vil difor omhandle dette kraftverket.

BKK Nett er utgreiingsansvarleg for det regionale kraftsystemet i «BKK-området og Indre Hardanger» og er i tillegg netteigar av regional- og sentralnettet i denne regionen. BKK Nett er òg eigar av store delar av distribusjonsnettet i denne regionen. Utgreiingsområdet omfattar det området av Høyanger kommune som ligg sør for Sognefjorden. Dyrdal kraftverk, Høyanger kommune, ligg innanfor vårt utgreiingsområde og i vårt distribusjonsnett.

Dyrdal kraft søker om eit småkraftverk med installert effekt på 3,85 MW og ein gjennomsnittleg årleg produksjon på 11,2 GWh. Kraftverket er plassert i eit område der det er lange avstandar til transformeringspunkt, og distribusjonsnettet er pressa. For å kunne gje nettilknytning til dei planlagde kraftverka i dette området er det nødvendig å bygge ut nettet. Nødvendige tiltak i regional- og sentralnettet er presentert i Kraftsystemutgreiinga (hovudsakeleg i tabell 5.1 og 6.5), som ligg på www.bkk.no/kraftsystem.

BKK Nett er òg i gang med ein analyse for å kartlegge nødvendige tiltak i distribusjonsnettet for å etablere nettkapasitet til alle kjente kraftverk i vårt område. Analysen er forventa ferdigstilt i løpet av februar. Me har fortløpande kontakt med kraftverksutbyggjarar om resultat i denne analysen. Dyrdal kraftverk inngår i denne analysen.

Venleg helsing

BKK NETT AS

Øystein Randal Berge
Seksjonssjef

Ruth Helene Kyte
Rådgjevar